



Stusdal VVS a/s
Apalen 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/107 - 16/1143

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
14.01.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 217/32 Romarheim

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utsleppsløyve og utføring av VA-anlegg den 12.02.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 på rett skjema. (Igangsettingsløyve inngår i delt søknad og kjem etter rammeløyve i søknadsprosessen)
2. Gjennomføringsplan skal vera med
3. Nabovarsling til Gbnr 217/2 (som utsleppsleidningen kryssar før han går ut i sjøen)
Eigar: Rune Martin Ryland, Georgernes verft 17, 5011 Bergen
4. Fagleg vurdering av tilstanden til ekisterande utsleppsleidning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arvid Lone

Bryggjedalen 5

5122

MORVIK

Mottakarar:

Stusdal VVS a/s

Apalen 17

5915

HJELMÅS